



13.12.2018

## Skoleskyss - Informasjon om kapasitet i skolebussar

Skyss har den siste tida mottatt førespurnader frå fleire skolar med spørsmål om korleis Skyss handterer situasjonar med manglande sitteplassar (inkl. setebelte) til skoleelevar. I det følgjande vil Skyss gje informasjon om korleis skoleskyssen blir dimensjonert og korleis konkrete situasjonar med manglande sitteplassar blir følgt opp.

Skyss si planlegging har utgangspunkt i fylkeskommunen si plikt til å dimensjonere skoleskyssstilbodet ut frå at skoleelevar med lovfesta rett til skoleskyss (etter føresegna i opplæringslova kapittel 7 og privatskolelova § 3-7) skal ha tilgang til sitteplass i bussen med setebelte fastmontert. Kravet om tilgang til sitteplass med setebelte gjeld imidlertid ikkje for skoleskyss som blir utført med buss klassifisert som «klasse I» (bybussar).

Skyss planlegg transporten ut frå talet på elevar med rett på skoleskyss som skolen har meldt inn til Skyss innan fristen [1. mars](#) skoleåret før. Det kan vere fleire årsaker til at det er fleire skoleelevar på bussane enn dimensjonert for. Til dømes kan skolane melde inn fleire elevar med rett til skoleskyss etter fristen, og i tillegg kan talet på skoleelevar utan lovpålagt rett på skoleskyss, som reiser med skolebussane, variere. Vi opplever også at der det er sett opp fleire bussavgangar med kort mellomrom vel ofte skoleelevane ankomsten/avgangen nærast skolen si start/slutt-tid, medan det er god kapasitet totalt sett.

Det er viktig å merke seg at kravet om tilgang til sitteplass med setebelte tek utgangspunkt i det normale behovet for sitteplassar. Det er ikkje ulovlig med ståplassar i bussane, og tilfelle av dette må man rekne med vil kunne oppstå, men dersom det dagleg ikkje er nok sitteplassar skal Skyss sørge for ekstra busskapasitet. Det er derfor sentralt at slike situasjonar blir meldt inn til Skyss ([skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)).

Tilbakemeldingar frå bussjåførar har vist at det også kan vere utfordringar knytt til å få skoleelevar til å nytte setebelte, og det er derfor ønskeleg at skolane bidrar med «haldingsarbeid» knytt til sikkerheit på skolebussen.

Skyss tar sikkerheita til skolebarn på stort alvor. Kapasiteten på skolebussane blir følgt opp tett, og det er løpande dialog mellom Skyss og bussoperatørane.

Ved spørsmål ta kontakt med [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)